



Torbjørn Ødegaard

Dato: 27.04.2015  
Vår ref.: 2014/20425-265  
Saksbehandlar: anethom  
Dykkar ref.:

## Underretting om vedtak **Ålmenne kulturføremål våren 2015** **- prosjekt Ludolf Hammeken og Algerie, kildeutgjeving i Algerie**

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til ålmenne kulturføremål.

Kultur- og ressursutvalet handsama søknaden i politisk sak 49/15 på møte den 16. april d.å. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag. Det vert sendt eige underrettingsbrev om den andre søknaden du har sendt.

### **Grunngjeving:**

Ved søknadsfristen 1. mars var det kome inn 115 søknader. Samla søkesum var omlag 3,5 millionar kroner. Det er totalt 1 030 000 kr til fordeling under Ålmenne kulturføremål i 2015, og fylkesrådmannen si innstilling var å fordele 633 000 kr for våren. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med svært avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritere strengt, og ein har diverre i hovudsak løyvd summar som ligg betydeleg lågare enn søknadssum. Mange gode søknader har også fått avslag. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer.

For oversikt over tildeling sjå [saksframlegg](#) og [vedlegg](#).

### **Klage/partsinnsyn**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Ronny Skaar  
seksjonsleiar/utviklingssjef

Tone Stedal Haugland  
seniorrådgjevar

**Sakshandsamarar: Tone Stedal Haugland, Marianne Ose Askvik**

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*